Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skor

Oppskr. av: Truls G. Øpen

(adresse): p.t. Flatum, Vikersund

Fylke: Buskerud

Herad: Krødsherad

Bygdelag: — —

Gard: Øpen

G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Før i tida vart nok skor mykje bruka. No kan det vera ein enkelt gong, i nødsår, at ein lyt prøve alle råder for å halde liv i buskapen.
Noko serskilt namn hadde dei ikkje på det.
Har høirt nemt „rodefôr".

2) Kjenner ikkje noko samnamn.

3) Å skora – skjer – skor – skåre – har skore.

4) Skor har nok vore bruka før, som ovafor nemt.
Det var i vanskelege år det helst vart bruka

5) Til skor vart mest bruka asp og raun. Lind og alm er det lite av i bygda.
Det var berre lauvtre som vart bruka, ikkje bartre.
Det var mest av asp eller raun. Aspa voks fortare, og lauvet vart plukka av raunen om sumaren.
Rogne lauvet vart rekna for det beste fôret og vart gjeve til kyrne når dei hadde bare. Dei ville da nødig hogge ned raun.
Ofte vart den planta som tuntre eller i hagen.

6) Kjenner ikkje skor nytta om eit visst treslag

7) Heller ikkje noko rim

8) Det var berre kyrne som fekk skav, da helst om våren.

Skavet vart blanda i sårpa, saman med haur, furmó og varmt vatn. Skav av or eller andre treslag vilde ikkje kyrne eta

9) Har høyrt av gamle folk, at rjómen vart skéråre og smøret gulare når skav vart bruka; men det måtte brukast med måte. Elles vart smøret harskt.

10) Det vart hogge ned stórre asper, og dei ytterste greiner og kvistar vart bruka.

Dei drog gjerne eins trend for å henta skavet. Det var helst asp som vaks i skre-kantane som vart henta

11) Det vart kalla „å henta skavet".

12) Skav

13) Ordet marka ukjent.

14) Det var om våren dei henta skav.

Har ikkje høyrt at vart rekna for noko vandt arbeid.

15) Dei held og på lenet når dei skav.

16) Tollekniv eller eit brot av ein ljå, der det vart lulla ei ty fille til handtak

17) Korleis dei gjekk fram med arbeidet

Kjenner eg ikkje til, om det vart bruka sagkrakk eller stalpe har eg ikkje høyrt nemna

18) Kjenner ikkje ordet „skavhal".

19) Vi har skavknivar, men dei vert bruka til å skava kámmustakkar. Om dei vart bruka til skava asp eller raun er ukjent.

Det er ein kniv med skaft i kvar ende.

20) Ikkje noko serskilt namn



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

21) Barken vart kalla „skav".

22) Det var helst tunne kjeppar eller greiner som vart bruka.

23) Ukjent.

24) Dei kok med bark og saujolag, like til veden

25) Da kvilane var så små vart dei helst lagt på jordet og brent.

26) Det er no og seggja slutt med å bruke skav. Det er i mannsår lei tid til det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

963